

Ny organist frå Romania

05.11.2012

Under gudstenesten i kyrkja søndag var det ein ny organist på orgelkrakken - Eva Györgyi Mygyesi - som opprinneleg er frå Romania. Ho er ein god representant for den breie og sterke muisktradisjon i Aust-Europa og har solid bakgrunn både som pedagog og utøvar. Ho var berre 5 år då ho byrja å spela piano heime.

Etter nokre år som organist i Arad starta ho orgelstudiar i 1990 og tok eksamen i Timisoara i 1995. I 2000 flytta ho til Battonia i Ungarn som organist og dirigent og undeviste også i orgel og piano.

I år har ho så flytta til Noreg for å byrja som kantor i Kvinnherad, men er busett i Odda.

Ho får allereie mykje ros for spelet sitt, som er av høg klasse både teknisk og musikalsk, .